

Barbro Wiig Sulebakk
Grønlandsvegen 20
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/1665 - 20/72799

Saksbehandlar:
Tone Furustøl
tone.furustol@alver.kommune.no

Dato:
16.11.2020

Trong for tilleggsdokumentasjon - parkeringsavtale

Vi viser til dykkar e-postar av 13.11.2020, der det er gitt tilleggsdokumentasjon til parkeringsavtale for gbnr 1/80 og 1/285 i høve bruksendring frå naust til næring.

Situasjonskartet av 06.11.2020 viser areal avsett til parkering på gbnr 1/263 – Solberget 3. I parkeringsavtalen er det vist til parkeringsplass på Solberget 1. Solberget 1 er gbnr 1/299. Kommunen legg til grunn at dette beror på en inkurie.

Det er heimelshavar av gbnr 1/263, FNP - Eigedom AS, som har signert avtalen og som soleis kan inngå avtale om parkering på gbnr 1/263 – Solberget 3. Styrels leder, Kjell Arne Eide, har som signaturberretiget i følgje Brønnøysundsregistrene pr. 16.11.2020, signert avtalen.


Sak 19/1483 – gbnr 1/263 – gjaldt løyve til riving av brannskadd bygg i form av eldre butikk, datert 10.07.2019. Bygget på eigedomen er riven, jf. ferdigattest av 03.09.2019. Med bakgrunn i våre arkiv tilbake til 1978 for eigedomen gbnr 1/263, så legg vi til grunn at denne eigedomen har vore landhandel/butikk med tilhøyrande lovleg etablerte parkeringsplassar. Det ligg ikkje føre søknad om oppføring av nytt bygg på noverande tidspunkt.

Kommunen har ikkje vurdert om leige av parkeringsplassane på gbnr 1/263 vil kunne påverke søknad om oppføring av nytt bygg på eigedomen.


Det er vist ca. 220m og 3 min. gange. Dette er gangavstand i tilstrekkeleg nærleik til næringslokalet. Vi finn det imidlertid uheldig at gangsti går gjennom terminalområdet med mye trafikk.

Kart/foto


Kart – gangavstand – 16.11.2020



Utsnitt situasjonskart – datert 06.11.2020



Gbnr 1/299 – markert med blått – Solberget 1
Gbnr 1/263 – markert med oransje – Solberget 3



Våre krav til parkeringsavtale er synleggjort i vårt skriv av 30.10.2020:

«Kommunen har vurdert avtalen som er sendt inn og finn at den dekker parkeringskravet fullt ut. Dersom avtalen skal erstatta trongen for dispensasjon må avtalen innehalde:

1. Avtalen må illustrere 5 plasser, der ein av desse skal vere parkering for bevegelseshemma.
2. Parkeringsplassane må illustrerast på ein teikning slik at det vert synleggjort at dei følgjer vanlege krav til lengde og breidde. Vanleg lengde er 5m og 2,5m breidde samt 5m lengde og 4,5m breidde for bevegelseshemma.
3. Parkeringsplassane må visast på eit kart som følgjer avtalen. Kartet må også vise avkørsel til parkeringsplassane samt kva trase publikum skal nytte frå parkeringsplassane fram til naustet/næringslokalet.
4. Avtalen skal tinglyst og innehalde eit vilkår om at kommunen må samtykke dersom avtalen kan seiast opp. På denne måten kan kommunen sikre at parkeringskravet er oppfylt.
5. Avtale om parkeringsplassar må tinglyst i samråd med pkt. 1-4. Tinglyst avtale skal dokumenterast overfor kommunen før vi kan ta endeleg stilling til om parkeringskravet er oppfylt.

Vilkår 1-2-3 er oppfylt. Imidlertid er ikkje vilkår 4 oppfylt. Det er ikkje tilstrekkeleg at kommunen vert informert ved opphør/oppseiing. Det er eit vilkår at kommunen må samtykke dersom avtalen skal seiast opp .

Parkeringsavtalen må reviderast med følgjande:

1. Parkeringsavtalen skal oppfylle vårt krav at kommunen skal samtykke før avtalen kan seiast opp og tinglysning slettast.
2. Parkeringsavtalen gjeld areal på Solberget 3 – gbnr 1/263. Parkeringsavtalen må i tillegg identifisere Solberget 3 med gbnr 1/263.
3. Utleier er gbnr 1/263 v/FNP – Eigedom AS. Leietakar er gbnr 1/80 og 1/285 v/tiltakshavarane. Parkeringsavtalen må identifisere at parkeringsarealet på gbnr 1/263 skal nyttast av gbnr 1/80 og 1/285 i høve næringsverksemd på denne eigedomen slik at avtalen følgjer eigedomen og ikkje tiltakshavarane.
4. Vedlagte kart (3 stk.), som er innsendt på e-post den 13.11.2020, vert tinglyst saman med avtalen.

Kommunen ber om at tinglyst avtale eller status på tinglyst avtale vert sendt inn **samla innan 24.11.2020** slik at vi har moglegheit til å sjå på saka før neste APM møte den 09.12.2020.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Silje Haukedal

Tone Furustøl

Avdelingsleiar

Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Barbro Wiig Sulebakk

Grønlandsvegen 20

5918

FREKHAUG

Mottakarar:

Barbro Wiig Sulebakk

Grønlandsvegen 20

5918

FREKHAUG

Øystein Sulebakk

Grønlandsvegen 20

5918

FREKHAUG